

Referat styremøte 2018

Møre & Romsdal Gjeterhundlag - MRGL

Styremøtet fann stad den 19.09.2018

Følgande møtte:

- ✓ Merethe Hellevik (leiar)
- ✓ Nils Edmund Stråmyr, skrivar
- ✓ Maren-Ann H. Løvold, kasserar
- ✓ Ottar Ringstad, nestleiar

SAKER:

SAK 6/18 ; Instruktørkurs

Frå NSG heiter det :» **Instruktørutdanning:**

Det er fylkene som har ansvaret for instruktørutdanning for medlemmene i sitt fylke. Ta kontakt med ditt fylke om du ønsker å bli instruktør.»

Under «eventuelt» på årsmøtet i MRGL den 10.02.18 vart instruktørutdanning og kurs for dette diskutert. Frå VSG vart det då opplyst at dette var under planlegging i lokallaget allereie.

Det er MRGL som er ansvarleg for instruktørutdanninga for heile fylket, og fylkeslaget ville difor kartlegge interessa i alle lokallaga. Leiar sendte førespurnad til lokallagsleiarane den 18. februar. Den 5. mars får leiar i MRGL beskjed frå Atle Arnesen om at VSG har fått ei avmelding og difor har ein ledig plass. Styret i MRGL meiner at det ikkje er slik det skal gjerast, og at dette er «å uthole» organisasjonen.

Fylkeslaget, MRGL, vil for framtida at lokallaga vender seg til fylkeslaget med ønskje om instruktørkurs, forslag til kandidatar og opplysning om meritane til desse. Då kan fylkeslaget ta omsyn til alle dei fire lokallaga. Om fylkeslaget så delegerer til eit lokallag å praktisk arrangere kurset kan det sjølvstgt vere eit godt alternativ.

Dette er etter styret i MRGL si meining ein organisasjonsmessig korrekt måte etter vedtektene til MRGL der det i §2 Laget sine oppgåver heiter:

«Laget har ansvaret for organiseringa og samordninga av gjetarhundarbeidet gjennom å stimulere til auka- og betre bruk av gjetarhund i fylket. Dette inneber mellom anna utdanning av instruktørar og dommarar, tilstelling av kurs, og ansvar for at fylkesmeisterskap av høveleg vanskegrad vert arrangert...»

Vedtak:

Det er positivt at det vert arrangert instruktørkurs. MRGL føreset at dette skal gjerast etter vedtektene. Leiar får liste med VSG innehaldande namn, medlemsnummer i NSG og stadfesting på at dei oppfyller krava NSG har sett til instruktørar i «Mal for instruktørutdanning.» Ansvarleg Merethe.

SAK 7/18; Økonomi i MRGL

Økonomien i laget er grei. Kasserar opplyser at det er om lag 35000 kroner på konto.

Ein ca 16000 av desse kjem pga kurset som vart arrangert hjå Merethe på Lepsøya der deltakarane fekk instruksjon frå instruktørar som gjorde dugnadsinnsats for fylkeslaget. Samstundes er det viktig at medlemane får noko attende i form av hjelp med hunden sin i arbeid med småfe.

Nokre postar står ubetalt til fylkeslaget, m.a. prøveavgift, og kasserar purrer på desse.

Ansvarleg Maren-Ann

SAK 8/18; Eventuelt

Det har kome forslag om å få til eit liknande kurs i bruk av gjetarhund som er ope for deltakarar frå heile fylket og at instruktørane i Møre og Romsdal får til å praktisere lærdomen sin der til beste for småfehaldet i fylket.

Det er og ein positiv måte å skape både samarbeid og økonomi i fylkeslaget.

Styremøtet vart med dette heva.